



KOPI

Ørjan Tveit
Elsters Gate 3
5059 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/389 - 20/57848

Saksbehandlar:
Tone Furustøl
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:
16.09.2020

Oversender vedtak om dispensasjon til klagevurdering - gbnr 357/8 Sætre

Saksopplysningar

Eigedom: Gbnr 357/8 Sætre
Tiltakshavar/eigar: Ørjan Tveit
Klagar: Fylkesmannen i Vestland
Utsatt iverksetting: Ja
Klageavgjerd: Settesfylkesmannen i Rogaland

Saka gjeld:

Saka gjeld klageavgjerd frå Settesfylkesmannen i Rogaland som opphevar vedtak av 05.02.2020 fatta av utval for areal, plan og miljø, saknr. 012/20 , jf. saknr. 061/20, om vedlikehald av fundament til eksisterande naust, oppføring av støttemur og båtslipp med utstikkarar grunna manglende grunngjeving.

Vedtaket frå settesfylkesmannen har følgjande ordlyd:

«Fylkesmannen opphevar kommunen sitt vedtak av 5.2.2020. Kommunen må gjere nytt vedtak i saka.

Vedtaket er endeleg og kan ikkje klagast til overordna myndighet, jf. fvl. § 28.»

Vedtaket fatta av utval for areal, plan og miljø, saknr. 012/20, datert 05.02.2020, om vedlikehald av fundament til eksisterande naust, oppføring av støttemur og båtslipp med utstikkarar grunna manglende grunngjeving, vart samrøystes vedteke.

Vedtaket har følgjande ordlyd:

«APM- 012/20 Vedtak:

APM tek klagan til følgje. Med heimel i plan- og bygningslova vert det gjeve dispensasjon frå plan og bygningsloven § 19.2 som omsøkt og § 1.8 Byggegrense mot

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

sjø. Dispensasjonen gjelder vedlikehold av fundament til eksisterande naust, oppføring av støttemur og båtslipp med utstikkar.

APM ser at fordelane er klart større enn ulempene.»

Klageavgjerd

Kommunen har mottatt klageavgjerd fra Settesfylkesmannen i Rogaland over vedtak fatta av utval for areal, plan og miljø i sak 20/389, datert 05.02.2020, saknr. 012/20 , jf. saknr. 061/20, i skriv, datert 29.07.2020.

Kommunen har mottatt tilsvarende til klageavgjerd fra tiltakshavar, datert 08.08.2020.

Oppnemning av settesfylkesmann

Fylkesmannen i Rogaland vart i skriv, datert 14.05.2020, fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet oppnemnt som settesfylkesmann til å avgjere klaga.

Sakshandsamingsfrist

Kommunen skal forberede og avgjøre saka utan ugrunna opphold, jf. forvaltningslova §11 a.

Saka blir behandla i første møte etter sumarferien den 02.09.2020, og vert handsama utan ugrunna opphold.

Med nytt grunnlag vedtak i saka fatta av utval for areal, plan og miljø, så vert klagen på nytt behandla etter ordinære saksbehandlingsregler:

Klagen vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte den 02.09.2020, der Alverkommune sitt vedtak i sak 20/389, datert 05.02.2020, vart gjort om og klagen tatt til følge:

APM- 112/20 Vedtak:

Klagen vert teke til følge og vedtak i sak 20/389, datert 05.02.2020, vert gjort om.

Det vert gjeve dispensasjon i samsvar med vedtak frå Utval for drift og utvikling i tidlegare Meland kommune datert 26.11.2019 i sak 19/1589, der følgjande vedtak vart fatta:

«*Utval for drift og utvikling gir i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 første ledd, dispensasjon frå landbruks-, natur- og friluftsformålet i kommuneplanen sin arealdel, frå arealformålet bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone og frå byggeforbodet i strandsona, for oppføring av forstøtningsmur og båtopptrekk.*

Det gjeld følgjande vilkår for dispensasjonen:

· Dispensasjonen gjeld båtopptrekket. Dei gis ikkje dispensasjon til dei to utstikkarane på høvesvis 10,8 meter og 8,9 meter.

· Det skal ikkje gjeres noko med området mellom forstøtningsmuren og båtopptrekket.»

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.

Heimel for vedtaket er forvaltningslova § 33, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som delvis næringsverksamd og delvis LNF-formål (landbruks-, natur – og friluftsområde). Det gjeld eit generelt forbod mot byggjetiltak i LNF-områda som ikkje har tilknyting til naudsynt landbruksnæring basert på garden ressurslag. I LNF-området er det søkt om forstøtningsmur på 10,25 meter og båtopptrekk med to utstikkarar på kvar side av på høvesvis 10,8 meter og 8,9 meter. Dei omsøkte tiltaka krev dermed dispensasjon frå LNF-formålet, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

Ettersom størsteparten av naustet mot sjøsida er regulert til næringsverksamd, vurderer administrasjonen at vedlikehold av eksisterande naustfundament er i samsvar med gjeldande

arealformål, jf. pbl § 1-6.

Arealet i sjø der omsøkt båtopptrekk er plassert er omfatta av kommuneplanen sin arealdel (KPA) og er satt av til bruk av vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone.

Dette arealet skal nyttast til ferdsel, fiske og friluftsliv. Tiltak som er til ulempe for denne bruken kan ikke tillatast, jf. føresegn § 3.3 til KPA. Tiltaket krev dermed også dispensasjon fra arealformålet i sjø, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 andre ledd.

Det gjeld vidare eit generelt forbod mot byggjetiltak i 100-metersbeltet mot sjø, jf. pbl § 1-8. Byggjegrensa mot sjø følgjer av arealplankartet til kommuneplanens arealdel. Ettersom dei omsøkte tiltaka er plassert innanfor byggeforbotet i strandsona, må det vurderast om det kan gis dispensasjon fra byggeforbotet i strandsona, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. § 11-6 andre ledd, jf. § 1-8 tredje ledd.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker fra melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på e-post tone.furustol@alver.kommune.no eller på telefon 56375401/97513452.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Tone Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- Merknad frå tiltakshavar til utvalsleier av APM - gbnr 357/8 Sætre
- Klageavgjerd - Settesfylkesmannen i Rogaland opphevar kommunen sitt vedtak av 05.02.2020 grunna manglande grunngjenværing - gbnr 357/8 Sætre
- Klageavgjerd - dispensasjon og samtykke til vedlikehald av naust og båtslipp - 357/8 Sætre
- E-post korrespondanse - kommentar frå tiltakshavar videresendast APM - gbnr 357/8 Sætre
- Klage på APM sitt vedtak - gbnr 357/8 Sætre
- Klage på delar av vedtak om dispensasjon for avslag for to ustikkarar samt området mellom forstørningsmur og båtopptrekk - gbnr 357/8 Sætre
- Klage på Dispensasjon til klagevurdering - GBNR 357/8 Sætre
- Følgeskriv (554473)
- Søknad om tillatelse i ett trinn - rehabilitering av nasut og båtslipp m.m - dispensasjon - gbnr 57_8
- Kopi av søknad til Bergen og omland havnevesen naust - gbnr 57_8
- Situasjonskart og teikning naust - gbnr 57_8

Vedlegg:

Kopi av uttale frå sak 19/1589 - Uttale frå landbruk til dispensasjon - gbnr 357/8 Sætre

Tegninger til dispensasjonssøknad trapp, mur båtopptrekk - GBNR 57/8 Sætre

03 Detalj mur og trapp

Naustb 1

Naust 2

Naust 3

Uttale til dispensasjonssøknad - GBNR 57/8 Sætre i Meland kommune

Uttale til dispensasjon for rehabilitering av fundament til naust, etablering av støttemur, trapp og båtslipp på GBNR 57/8 Sætre

E-postmelding - Uttale 57/8 - Sætre - rehabilitering og utviding av naust - etablering av støttemur trapp og båtslipp - dispensasjon

Forhåndsuttale til søknad - naust, båtslipp, mm. - GBNR 57/8 Sætervik

AcosSvarInn.xml

Tilleggsinformasjon til oversendt dispensasjonssøknad til uttalelse - GBNR 57/8 Sætre

Tilleggsopplysninger tiltak i sjø

02 Situasjon ved naust.fmz

Kommentarer til fylkesmannen sin uttalelse_20190829

Foto naust og område for mur

GBNR 57/8 Tiltak i sjø - Korrigert plan, snitt og kommentarer til uttalelse fra Fylkesmannen

02 Korrigert plan

05 Snitt A - A og B - B

Kommentarer til fylkesmannen sin uttalelse_20191101

GBNR 57/8 - Søknad om dispensasjon for rehabilitering av båtopptrekk og oppføring av

forstøtningsmur - Sætre

Situasjonskart og teikning naust

02 Korrigert plan

05 Snitt A - A og B - B

Klage på dispensasjon - GBNR 357/8 Sætre

Stadfesting på mottatt klage - gbnr 357/8 Sætre

Mottatt uttale i høve klage frå Fylkesmannen i Vestland - gbnr 357/8 Sætre

Klage på Dispensasjon til klagevurdering_Sætre_GBNR 357 8 _20200315

E-post korrespondanse - mottatt uttale i høve klage frå Fylkesmannen i Vestland - gbnr 357/8 Sætre

Kommentar frå tiltakshavar på klageavgjerda frå settesfylkesmannen - gbnr 357/8 Sætre

Kopi til:

Ørjan Tveit

Elsters Gate 3

5059

BERGEN

Mottakarar:

Fylkesmannen Vestland

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER